

Griegakademiets senter for musikkterapiforskning (GAMUT)

Årsmelding 2008



Musikk er ein ressurs for læring og utvikling, og det pedagogiske praksisfeltet er omfattande innan musikkterapien. Det er ei prioritert oppgåve for GAMUT å byggje opp forskning på dette spesielle praksisfeltet, sjå Del 4 om prioriterte satsingar.

Foto: NFU, Møre og Romsdal.

Innhald

Del 1: Innleiing og oversikt.....	3
Bakgrunn, mål og strategi	3
Tilbakeblikk og oppsummering, 2008	3
Del 2: Rammer og vilkår.....	7
Organisasjon og økonomi	7
Samarbeidsrelasjonar innan UiB og Unifob.....	8
Andre samarbeidsrelasjonar	9
Del 3: Fagleg aktivitet 2008	11
Forskningsprosjekt	11
Tidsskriftsdrift.....	12
Publisering og andre formidlingsoppgåver	13
Del 4: Prioriterte satsingar og vidare utvikling	15
Utvikling av organisasjon og rammer	15
Tematiske satsingsområde.....	16
Prioriterte utviklingsområde.....	17
Del 5: Vedlegg	18
Vedlegg 1 – Rekneskap GAMUT 2008	18
Vedlegg 2 – Personale i 2008.....	19
Vedlegg 3 – Nokre nyhende 2008 (døme frå vevsida www.gamut.no).....	20
Vedlegg 4 – Liste over publikasjonar og faglege presentasjonar.....	21

Del 1: Innleiing og oversikt

Bakgrunn, mål og strategi

Griegakademiets senter for musikkterapiforskning (GAMUT) vart etablert hausten 2006 i samband med at musikkterapi vart etablert som fag ved Universitetet i Bergen. Fagmiljøet ser utvikling av universitetsfaget musikkterapi og forskingssenteret GAMUT ved Unifob helse som to sider av same sak. Å tilby forskingsbasert undervisning i musikkterapi i tilstrekkeleg omfang og kvalitet vil ikkje vere mogeleg utan eit oppegåande eksternt finansiert forskingssenter, samstundes som vitaliteten til forskingssenteret er avhengig av innsatsen til dei universitetstilsette forskarane og av jamleg og god tilgang til mastergradsstudentar og doktorgradskandidatar.

Mål

Følgjande målsetjingar er såleis definerte for utviklinga av GAMUT:

- Å utvikle eit norsk musikkterapeutisk forskingssenter på høgste internasjonale nivå
- Å sikre adekvat kunnskapsutvikling innan universitetsfaget musikkterapi
- Å utvikle samfunnsrelevant kunnskap om samanhengar mellom musikk, helse og utvikling, for bruk i m.a. helsevesenet, sosialtenesta, skulesektoren og kultursektoren.

Arbeidsområde

GAMUT tar sikte på å utvikle forskning av høgste kvalitet, med vekt på: 1) Undersøkingar av helseaspekt ved ålmenn musikkbruk i samfunnet. 2) Undersøkingar av helseaspekt ved målretta musikkbruk i institusjonelle samanhengar (musikk i skulen, musikk i kulturskulen, musikk i helsevesenet, osv.). 3) Klinisk musikkterapiforskning; prosessar og effektar.

Forskningsresultat vil i hovudsak verte publiserte i fagfelleverderte internasjonale tidsskrift og i monografar/bøker. Konkrete formidlingsaktivitetar utover dette vil vere kronikkar og andre former for popularisert skriftleg formidling, rettleiing for aktuelle fagpersonar og fagmiljø og dessutan populariserte forskingsbaserte kurs og foredrag for institusjonar, foreiningar og andre med behov for ny kunnskap om musikk, helse, utvikling og samfunn.

Vidare er GAMUT ein sentral aktør innan drift og utvikling av internasjonale musikkterapitidsskrift, med det verdsomspennande forumet *Voices: A World Forum for Music Therapy* og det vitskaplege tidsskriftet *Nordic Journal of Music Therapy*.

Strategi

Sentrale strategiar for utvikling av GAMUT er:

- Etablering av eit fruktbart samspel mellom eksternt finansierte prosjekt og den musikkterapeutiske forskingsressursen ved UiB
- Inkludering av og samarbeid med masterstudentar og doktorgradskandidatar ved Griegakademiet, institutt for musikk, Humanistisk fakultet
- Tverrfagleg samarbeid med aktuelle forskingsmiljø ved UiB, i Unifob og ved andre institusjonar, regionalt og nasjonalt
- Samarbeid i internasjonale forskingsnettverk, primært med utgangspunkt i det formaliserte samarbeidet mellom UiB og åtte andre universitet og forskingsmiljø i internasjonal musikkterapi.

Tilbakeblikk og oppsummering, 2008

2008 har vore eit svært godt år for utvikling av Griegakademiets senter for musikkterapiforskning, både med omsyn til innhenting av eksterne midlar, etablering av nye samarbeidsrelasjonar og fullføring, utvikling og initiering av prosjekt.

I oppsummering av årsmeldinga for 2007 presiserte vi at senteret framleis er i ein sårbar oppstartsfase og at det ikkje er gitt at senteret vil makte å etablere seg på permanent basis. Eit kritisk punkt er om og i kva grad UiB prioriterer å satse på musikkterapi. I løpet av 2008 er universitetet sin vilje til å satse på musikkterapi klårgjort, ved at der er sett av midlar til årlege opptak til musikkterapistudiet. Dermed vil det i løpet av dei næraste to-tre åra vere mogeleg å realisere målsetjinga om å heve kvaliteten på musikkterapimiljøet ved UiB/Unifob frå eit regionalt (vestnorsk) til eit nasjonalt/nordisk nivå. Ei slik avklaring kom i “grevens tid”, då konkurransen innan nordisk musikkterapiforskning er klårt skjerpa dei siste par åra, ved at både University of Jyväskylä, Norges musikkhøgskole og Universitetet i Gøteborg byggjer opp forskingssenter innan musikkterapi, musikk og helse og kultur og helse. Frå før er Aalborg Universitet det tyngste fagmiljøet i musikkterapi i Norden.

Nedanfor vil vi kort gjere greie for nokre hovudpunkt i GAMUT sin aktivitet i 2008.

Samfunnskontakt og praksisrelevans

Viktigaste reiskapen for samfunnskontakt og samfunnsdeltaking er publisering og seminar, der 2008 har gjeve rom for utvikling av begge tidsskrifta GAMUT publiserer og der aktiviteten på seminarsida har vore høg, m.a. i samarbeid med etnomusikologi ved Griegakademiet og med Holbergdagene.

Årsmeldinga for 2007 viste til at aktivitet i GAMUT genererer ny musikkterapeutisk praksis i Bergen. Denne utviklinga har halde fram i 2008, der det m.a. er etablert musikkterapi-stillingar ved Bjørgvin fengsel, Olaviken alderspsykiatriske sjukehus og Pedagogisk fagsenter, Fana. Desse tre stillingane er relaterte til planlagde eller pågåande forskingsprosjekt ved GAMUT og dei aktuelle fagmiljøa har inngått tett samarbeid med GAMUT for utvikling av praksis- og forskingsfelt. Denne utviklinga av praksisfeltet kjem musikkterapistudiet ved UiB til gode, m.a. for praksisundervisning og innsamling av data til masteroppgåver.

NFR-finansierte prosjekt

Fullførte NFR-prosjekt

Det internasjonalt orientert prosjektet “Musikk og helse i det seinmoderne samfunnet”, med Brynjulf Stige som prosjektleiar, vart etablert i 2004 og avslutta i 2008. Prosjektet vart tildelt midlar frå NFR sitt program for “strategiske høgskuleprosjekt” og administrert av Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF).

Prosjektet hadde både faglege og strategiske målsetjingar. Faglege målsetjingar var knytt til behovet for kunnskap om samanhengar mellom musikk og helse, med vekt på a) ressursorientert musikkterapi i psykiatri og b) samfunnsintegrert musikkterapi. Strategiske målsetjingar var knytt til kompetanseutvikling, nettverksbygging og oppbygging av eit berekraftig forskingssenter for musikk og helse ved HSF.

Målsetjingane er på mange måtar overoppfylte. Prosjektet har generert eit tosfra tal artiklar i fagfelleverderte internasjonale tidsskrift og har dessutan medført at fagpersonar i miljøet i 2008 har teikna bokkontrakt med tre ulike internasjonale forlag. Målsetjinga om kompetanseutvikling er nådd for alle dei tre forskarane som har hatt stillingsdelar i prosjektet; opp til professornivå for to fagpersonar og opp til førsteamanuensisnivå for ein. Prosjektet har dessutan vore viktig for styrking av internasjonale forskingsrelasjonar.

Den tyngda dette prosjektet fekk var sterkt medverkande til at fagmiljøet vart flytta frå Sogn og Fjordane til Bergen. Det planlagde forskingssenteret vart difor ikkje realisert i Sogn og Fjordane, men etablert som GAMUT ved Unifob helse då musikkterapi vart etablert som universitetsfag ved UiB. Relasjonen til HSF er likevel tatt i vare ved at Brynjulf Stige ved prosjektavslutning tok til i stilling som professor II ved Avdeling for helsefag i Førde. Musikkterapimiljøet i Sogn og Fjordane er dessutan ein viktig medspelar i det nye prosjektet “Nettverket musikk og eldre”.

Nye NFR-prosjekt

I november 2007 fekk Christian Gold ei tildeling på nærare 6 millionar kroner frå NFR sitt program for psykisk helse, til prosjektet “Resource-oriented music therapy for psychiatric patients with low therapy motivation: Randomised controlled trial”. Prosjektet er no godt i gang. Den første postdoktoren i musikkterapi ved UiB, Karin Mössler, arbeider i dette prosjektet og har hovudansvaret for samarbeid med Wagner-Jauregg Landesnervenklinik i Linz (Austerrike). Prosjektet involverer også National Music Therapy Research Unit ved University of Melbourne (Australia).

Andre prosjekt

GAMUT, ved Christian Gold, har i 2008 halde fram med å samarbeide med University of Jyväskylä om ein EU-finansiert RCT på musikkterapi i høve til depresjon og angst. I 2008 er dette samarbeidet utvida til også å omfatte ein RCT på musikkterapi for slagpasientar. Gold har dessutan starta opp eit pilotprosjekt i Kriminalomsorgen, med finansiering av Sosial- og helse-direktoratet, GC Rieber Fondene og Kriminalomsorgen Vest. Prosjektet involverer m.a. samarbeidsrelasjonar med Psykologisk fakultet, UiB og med Kompetansesenter for sikkerhets-, fengsels- og rettspsykiatri, Helse Bergen.

Med finansiering frå GC Rieber Fondene har det i 2008 dessutan vore mogeleg å etablere prosjektet “Nettverket musikk og eldre: Samarbeid om forskning og kunnskapsutvikling om musikk, musikkterapi og eldre”. Brynjulf Stige er prosjektleiar. Nettverket involverer samarbeid med følgjande forskingsinstitusjonar: Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Bergen, Norges musikkhøgskole, Universitetet i Oslo og Universitetet i Aalborg. Tre av forskarane som er involverte i nettverket, Solveig Hauge, Frode F. Jacobsen og Brynjulf Stige, fekk i desember 2008 insentivmidlar frå UH-nett Vest, for utvikling av pilotprosjektet “Mellom taushet og støy: musikk, musikkterapi og det psykososiale miljø på sykehjem”.

Vidare arbeider Cochavit Elefant med eit pilotprosjekt om musikkterapi og nevro-rehabilitering, med fokus på Parkinsonpasientar. Dette pionerprosjektet er utforma saman med overlege Geir Olve Skeie ved Haukeland universitetssykehus. Randi Rolvsjord arbeider vidare med kvalitativ utforskning av ressursorientert musikkterapi i psykisk helsearbeid. Doktorgradsprojekta innan eldreomsorg (Audun Myskja) og barnevern (Viggo Krüger) er også vidareført i 2008.

Tidsskriftsdrift

For GAMUT sine to internasjonale tidsskrift, *Nordic Journal of Music Therapy* (NJMT) og *Voices: A World Forum for Music Therapy*, har 2008 vore eit år utanom det vanlege.

NJMT har nådd to avgjerande milepælar dette året: I mai vart NJMT akseptert for indeksering i Social Sciences Citation Index® (SSCI®). Seinare på året vart ein samarbeidsavtale over ti år underteikna med det internasjonale forlaget Routledge, gjeldande frå og med januar 2009. Både indekseringa i SSCI® og avtalen med Routledge vil vere svært viktige for realiseringa av målsetjinga om å gjere NJMT til eit leiande internasjonalt forskningstidsskrift i musikkterapi.

Voices er utvikla som eit inkluderande forum for publisering av essay, intervju, rapportar og debattar. Forumet har som særskild målsetjing å gje rom for stemmer frå alle kontinent og kontekstar, derav namnet. Den 12. verdskonferansen i musikkterapi i Buenos Aires i juli 2008 stadfesta *Voices* sin leiande posisjon som arena for dialog og debatt i faget. Ei sær viktig løyving frå GC Rieber Fondene gjer at drifta no er sikra fram til juli 2012. *Voices* fungerer som eit Open Access tidsskrift og er inne i ein konstruktiv dialog med BORA/UBB med tanke på vidare utvikling, m.a. av tekniske og økonomiske aspekt.

Samarbeidsrelasjonar

Forskningsprosjekt og tidsskriftsdrift fungerer som dei viktigaste reiskapane for generering av samarbeidsrelasjonar, både regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Av nye internasjonale samarbeidsrelasjonar i 2008, vil vi særleg framheve at UiB er med i ein ny samarbeidsavtale der ni universitet frå Australia, Europa og USA går saman om vidare utvikling av musikkterapifeltet. Lokalt/regionalt vil vi framheve det nye samarbeidet med Graduate School of Clinical and Developmental Psychology ved Psykologisk fakultet, UiB. Saman med dette miljøet utviklar musikkterapimiljøet ved UiB/Unifob forskarkurs i kvalitativ metode for doktorgradskandidatar. Kurset har fått støtte frå Humanistisk fakultet, vert gjennomført i januar og mars 2009 og vil vere av stor fagleg og strategisk verdi for vidare utvikling av musikkterapimiljøet ved UiB/Unifob.

Andre nyhende frå 2008

På GAMUT si heimeside (www.gamut.no) vert det regelmessig lagt ut nyhende, informasjon om aktuelle seminar og informasjon om ulike prosjekt. I Vedlegg 3 har vi tatt med nokre døme på nyhende frå 2008. Desse illustrerer både lokal aktivitet og internasjonale relasjonar.

Del 2: Rammer og vilkår

Organisasjon og økonomi

GAMUT er organisert som eit senter under Unifob helse, men samspelet mellom UiB og Unifob er ein føresetnad for drift av senteret. Fleire av forskingsprosjekta er utvikla som samarbeidsprosjekt der UiB-tilsette forskarar arbeider saman med Unifob-tilsette forskarar. Masterstudentar og doktorgradskandidatar er viktige ressursar i fleire prosjekt. Som fagfellesskap er GAMUT difor ei tverrfagleg forskingsgruppe samansett av forskarar frå begge organisasjonar. Med utgangspunkt i gjeldande retningslinjer, vil somme av fagmiljøet sine eksternt finansierte prosjekt verte knytt til UiB, andre til Unifob. For dei fleste prosjekt vil det vere tenleg med ein konkret samarbeidsavtale mellom dei to organisasjonane.

I 2008 har det vore ekstern finansiering av ca. 4,5 årsverk ved GAMUT; ei stilling som forskar II, ei stilling som postdoktor, ei deltidsstilling som forskar III og to førstekonsulentstillinger. Medrekna stipendiatar og samarbeidande UiB-forskarar, har ti fagpersonar og to førstekonsulentar på ulike vis vore knytt til GAMUT-prosjekt i 2008 (sjå Vedlegg 2).

I 2008 har Brynjulf Stige halde fram med deltaking i Unifobs utviklingsprogram for forskingsleiarar (2007-2009). Førstekonsulent Rune Rolvsjord sitt engasjement for Unifob helse vart hausten 2008 utvida, slik at han no arbeider 60 % ved GAMUT (30 % med NJMT og 30 % med Voices) og 40 % for Unifob helse. Førstekonsulent Liv Gunnhild Qvale sine arbeidsoppgåver er knytt til datainnsamling og prosjektadministrasjon av tre eksternt finansierte prosjekt i GAMUT. Ho vil i 2009 vere ut i svangerskapspermisjon. Eit årsvikariat som forskingsassistent vart lyst ut tverrfagleg og der kom inn åtte interessante søknader. Sosialantropologen Fiona Kirkwood Brown vart tilsett i vikariatet.

Organisasjon 2008

Forskingsleiar	Brynjulf Stige
Prosjektleiarar	Christian Gold og Brynjulf Stige
Redaktør <i>NJMT</i>	Christian Gold
Redaktørar <i>Voices</i>	Brynjulf Stige og Carolyn Kenny (USA)
Førstekonsulent <i>NJMT/Voices</i>	Rune Rolvsjord
Førstekonsulent prosjektadministrasjon	Liv Gunnhild Qvale

Finansiering og økonomi 2008

Følgjande kjelder har stått for ekstern finansiering av GAMUT-aktivitet i 2008 (alfabetisk rekkefølge):

- Aleris Ungplan Region Vest
- GC Rieber Fondene
- Kriminalomsorgen Vest
- Sosial- og helsedirektoratet
- Helse Vest
- Nordisk publiseringsnemd for humanistiske og vitenskapelige tidsskrifter (NOP-HS)
- Norges forskningsråd
- UH-nett Vest
- University of Jyväskylä

Aktiviteten i GAMUT er i balanse økonomisk, sjå Vedlegg 1.

Ekstraordinær ubetalt fagleg aktivitet

I årsmeldinga for 2007 vart det peika på at drifta av GAMUT er avhengig av ubetalt fagleg aktivitet (utover arbeid med prosjektsøknader, som vi oppfattar som "ordinær ubetalt ekstraaktivitet" i eit forskingscenter). Døme på slike ubetalte oppgåver er rolla som forskingsleiar for GAMUT og redaktøransvaret for dei to internasjonale tidsskrifta. I årsmeldinga frå 2007 vart omfanget av slike oppgåver kalkulert til 110 % stilling og det vart gjeve uttrykk for at dette er urovekkjande mykje, då det i hovudsak er fordelt på to-tre personar, slik at det er vanskeleg å sjå føre seg dette som ein varig situasjon og det dessutan reduserer den strategiske handlingsfridomen. Ved utgangen av 2008 er desse oppgåvene framleis ubetalte, men utsiktene er langt lysare enn dei var i fjor på same tid, både av di økonomien i dei to tidsskrifta er i ferd med å verte styrka og av di UiB si satsing på årlege opptak i musikkterapi vil gjere at det vert fleire personar å fordele trykket på.

Samarbeidsrelasjonar innan UiB og Unifob

Når det gjeld samarbeidsrelasjonar innan og mellom UiB og Unifob, står naturleg nok samarbeidet mellom musikkterapifaget ved UiB og forskingscenteret ved Unifob helse heilt sentralt. I årsmeldinga for 2007 skisserte vi korleis det tette samspelet som er etablert innan musikkterapimiljøa ved UiB og Unifob er til gjensidig nytte, m.a. ved at samarbeidet genererer 1) betre forskning og difor fleire publikasjonar og publikasjonspoeng, 2) faglege seminar som både forskarar og studentar får tilgang til, 3) meir forskingsbasert undervisning, 4) ny musikkterapeutisk praksis i Bergen og med det praksisplassar for musikkterapistudiet, 5) høve for masterstudentar og PhD-kandidatar til å vere del av eit større fagmiljø.

Musikkterapi er særstverrfagleg orientert som fag, og det vil difor vere naturleg og nødvendig å utvikle samarbeidsrelasjonar til ei lang rekkje andre fag. Vi vil her kort skissere arbeidet med dette i 2008.

Andre humanistiske fag

Etnomusikologi og musikkvitenskap er nærskyldige fag som det er naturleg å ha kontakt med. 2008 har gjeve rom for samarbeid om fleire seminar (sjå Del 3), medan det førebels ikkje er etablert forskningssamarbeid med etnomusikologi og musikkvitenskap ved UiB. Det vil vere ønskeleg å kartleggje om dette er mogeleg å få til, eventuelt også gjennom mobilisering av dei faglege nettverka musikkterapimiljøet har ved UiO og Norges musikkhøgskole.

Samarbeid med fleire andre humanistiske fag er tenkjeleg, men førebels har ikkje fagmiljøet hatt kapasitet til å gjere mykje på dette feltet. Eitt tangeringspunkt kan vere profesjonshistorie. Rolvsjord og Stige har hausten 2008 arbeidd med ein artikkel om musikkterapiens pionertid i Bergen på 1950-, 60- og 70-talet. Med utgangspunkt i dette er det avtalt eit sonderingsmøte med forskarar ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, for drøfting av mogeleg samarbeid om profesjonshistorisk forskning. Her er det også aktuelt å dra inn kompetansen i profesjonsforskning ved Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap ved Det samfunnsvitenskaplege fakultet.

Medisinske fag

Gjennom UiB er det førebels liten kontakt med medisin og ulike helsefag, sjølv om vi har registrert ein positiv interesse m.a. frå Institutt for samfunnsmedisinske fag. Gjennom Unifob er det etablert eit fruktbart samarbeid med Kirsti Malterud om kvalitativ forskning og gjennom Haukeland universitetssykehus er det samarbeid under oppbygging både i høve til nevrorehabilitering (Geir Olve Skeie) og lungeonkologi/palliativ omsorg (Christian von Plessen).

Psykologiske fag

Samarbeidet med ulike psykologiske fagmiljø er generert både gjennom UiB og gjennom Unifob-systemet, m.a. i høve til forskning på barnevern (Dagfinn Winje), kriminalomsorg (Anita Hansen) og samfunnsmusikkterapi (Leif Edvard Aarø). Det er dessutan etablert eit fruktbart samarbeid med UiBs Graduate School of Clinical and Developmental Psychology (ved Per-Einar Binder og Helge Holgersen) om utvikling av forskarkurs i kvalitativ metode.

Samfunnsvitskapelege fag

Musikkterapi miljøet ved UiB har profilert seg med ei kultur- og samfunnsorientert perspektiv på musikkterapien. Det vil difor vere ønskeleg og nødvendig å byggje opp samarbeidsrelasjonar til fag som sosialantropologi og sosiologi. Det at GAMUT frå 1. januar 2009 engasjerer ein forskingsassistent med bakgrunn frå sosialantropologi kan kanskje vere med på å opne opp for samarbeidsrelasjonar til Institutt for sosialantropologi. På sikt er det ønskeleg å byggje dette ut til også andre fagmiljø ved Det samfunnsvitskapelege fakultet og til aktuelle fagmiljø ved Rokkansenteret.

Andre samarbeidsrelasjonar

Fagmiljøet i musikkterapi har lenge hatt ein tradisjon på å arbeide i faglege nettverk, lokalt/regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Dette har ein forsøkt å utvikle vidare i 2008:

Lokale/regionale nettverk

Formalisert samarbeid er inngått med følgjande instansar:

- Aleris Ungplan Region Vest (gjennom doktorgradsprosjektet til Viggo Krüger)
- Bergen Røde Kors Sykehjem (gjennom doktorgradsprosjektet til Audun Myskja)
- Haukeland universitetssykehus/ParkVest
- Høgskulen i Bergen/Senter for omsorgsforskning (ny 2008)
- Høgskulen i Sogn og Fjordane/Senter for helseforskning (ny 2008)
- Jæren distriktpsikiatriske senter.
- Kriminalomsorgen Vest
- Nordfjord distriktpsikiatriske senter
- Olaviken alderspsikiatriske sjukehus (ny 2008)
- Pedagogisk fagsenter, Fana
- Sogn og Fjordane fylkessenter for musikkterapi (ny 2008)
- Sola distriktpsikiatriske senter (ny 2008)
- Stavanger universitetssykehus
- Undervisningssjukeheimen i Sogn og Fjordane/Førde helsetun (ny 2008)

I tillegg har GAMUT etablert ein samarbeidsdialog med Kulturskolen i Bergen og Kulturskulen i Fjell.

Internasjonale nettverk

Formelle samarbeidsavtalar internasjonalt omfattar:

- Anglia Ruskin University, UK (ny 2008)
- Beth Israel Medical Center, New York (gjennom kontakt med Thanks to Scandinavia)
- The Catholic University, Belgia (ny 2008)
- Norges musikkhøgskole (ny 2008)

- Temple University, USA (ny 2008)
- University of Jyväskylä
- University of Melbourne,
- University of Queensland
- Aalborg Universitet

Dessutan har GAMUT eit formalisert forskingssamarbeid med National Music Therapy Research Unit i Melbourne (Australia) og Wagner-Jauregg Landesnervenlinik i Linz (Austerrike). Vi har også eit tett forskingssamarbeid med Nordoff-Robbins Music Therapy Centre i London, som er eit viktig miljø i europeisk musikkterapi.

Tidsskriftet *Voices: A World Forum for Music Therapy* har eit formalisert samarbeid med Antioch University i USA og dessutan tett samarbeid med 20 redaksjonsmedlemmer fordelt på 18 ulike land og institusjonar, der alle kontinent er representerte med minst 2 redaksjonsmedlemmer. Tilsvarande har *Nordic Journal of Music Therapy* tett samarbeid med redaksjonsmedlemmer, redaksjonskontaktar og språkkonsulentar frå 13 ulike universitet/institusjonar i Europa, USA og Australia.

Kommentar

Samla sett har GAMUT eit svært godt internasjonalt nettverk og ein er komen inn i ein god sirkel der eksisterande relasjonar genererer nye kontaktar, noko som både er ein ressurs for utvikling av nye forskingsprosjekt og for utvikling av universitetsfaget musikkterapi.

Del 3: Fagleg aktivitet 2008

Forskningsprosjekt

Hovudaktiviteten i GAMUT er knytt til eksternt finansierte forskningsprosjekt. Vi gjev her oversyn over prosjekt i 2008. Informasjon vert oppdatert kontinuerleg på nettsidene www.gamut.no

An Explorative Study of Community Music Therapy

Tidsperiode: august 2004-juli 2008
 Finansiering: Norges forskningsråd
 Involverte forskarar: Gary Ansdell (London), Cochavit Elefant, Mercédès Pavlicevic (Pretoria/London) og Brynjulf Stige
 Prosjektleder: Brynjulf Stige

An Explorative Study of Resource-oriented Music Therapy

Tidsperiode: august 2004-juli 2008
 Finansiering: Norges forskningsråd
 Involverte forskarar: Randi Rolvsjord, Brynjulf Stige
 Prosjektleder: Brynjulf Stige

Effects of Music Therapy for Prison Inmates: Pilot Study

Tidsperiode: januar 2008-desember 2009
 Finansiering: Sosial- og helsedirektoratet, GC Rieber Fondene, Kriminalomsorgen
 Involverte forskarar: Christian Gold, Anita Hansen, Liv Gunnhild Qvale.
 Prosjektleder: Christian Gold

En systematisk evaluering av metoden Integrert musikk ved sykehjem (PhD-prosjekt)

Oppstart: august 2006
 Finansiering: CG Rieber Fondene
 Kandidat: Audun Myskja
 Birettleder: Torgeir Brun Wyller (UiO)
 Hovudrettleiar: Brynjulf Stige

Mellom taushet og støy: musikk, musikkterapi og det psykososiale miljø på sykehjem

Tidsperiode: november 2008-juni 2009 (pilotprosjekt)
 Finansiering: UH-nett Vest
 Involverte forskarar: Solveig Hauge, Frode F. Jacobsen, Brynjulf Stige
 Prosjektleder: Solveig Hauge

Meta-analysis of the Effect of Music Psychotherapy

Tidsperiode: januar 2004-august 2008
 Finansiering: Norges forskningsråd
 Involverte forskarar: Christian Gold, Viggo Krüger, Hans Petter Solli,
 Prosjektleder: Christian Gold

Musikkterapi som behandlingsmetode i en barnevernsinstitusjon (PhD-prosjekt)

Oppstart: august 2006
 Finansiering: Aleris Ungplan Region Vest (løn) / UiB (drift)
 Kandidat: Viggo Krüger

Birettleiar: Dagfinn Winje (Psykologisk Fakultet, UiB)
 Hovudrettleiar: Brynjulf Stige

Nettverket musikk og eldre: samarbeid om forskning og kunnskapsutvikling om musikk, musikkterapi og eldre

Tidsperiode: september 2008-juli 2012
 Finansiering: GC Rieber Fondene
 Involverte forskarar: Solveig Hauge (UiO/HSF), Frode F. Jacobsen (HiB), Tone Sæther Kvamme (NMH), Audun Myskja (UiB), Hanne Mette Ridder (AaU), Brynjulf Stige (UiB)
 Prosjektleiar: Brynjulf Stige

Randomised Controlled Study of Resource-oriented Music Therapy

Tidsperiode: august 2004-juli 2008
 Finansiering: Norges forskningsråd, Helse Vest
 Involverte forskarar: Christian Gold, Tor Olav Heldal, Randi Rolvsjord
 Prosjektleiar: Brynjulf Stige

Resource-oriented Music Therapy for Psychiatric Patients with Low Therapy Motivation: Randomised Controlled Trial

Tidsperiode: januar 2008-desember 2010
 Finansiering: Norges forskningsråd
 Involverte forskarar: Christian Gold, Denise Grocke, Tor Olav Heldal, Karin Mössler, Randi Rolvsjord
 Prosjektleiar: Christian Gold

Tidsskriftsdrift

Her følgjer nokre hovudtrekk i utviklinga av dei to GAMUT-tidsskrifta i 2008.

Nordic Journal of Music Therapy

Tidsskriftet kjem ut med to papiirutgåver per år, ved sidan av ei fyldig heimeside med utvalde tekstar, bokmeldingar, debattar og diverse informasjon. NJMT er eit nivå-2-tidsskrift. Redaktør sidan 2006 er Christian Gold.

Som skissert i Del 1, har NJMT nådd to avgjerande milepælar dette året, ved at tidsskriftet er akseptert for indeksering i Social Sciences Citation Index® (SSCI®) og ved teikning av samarbeidsavtale med forlaget Routledge. Indekseringa i SSCI® vil gjere NJMT mykje meir synleg og tilgjengeleg også for forskarar utanfor musikkterapifeltet. Likeins vil avtalen med Routledge vere strategisk viktig. Forlaget byggjer seg opp på kunstterapifeltet og har peika ut NJMT som det musikkterapitidsskriftet dei ønskjer å satse på. Med den underteikna samarbeidsavtalen med Routledge sikrar UiB/Unifob seg fagleg kontroll over tidsskriftet, samstundes som økonomi og marknadsføring no vert tatt i vare på ein profesjonell måte. Routledge har m.a. planar om å auke utgjevingsfrekvensen for tidsskriftet. Indekseringa i SSCI® og avtalen med Routledge vil vere med på å gjere det mogeleg å realisere målsetjinga om å utvikle NJMT til eit leiande internasjonalt forskningstidsskrift i musikkterapi.

Ved teikning av samarbeidsavtale med Routledge vart det inngått ein samarbeidsavtale mellom UiB og Unifob om tidsskriftet. Samarbeidsavtalen presiserer m.a. at det skal oppnemnast ei styringsgruppe der begge institusjonar er representerte. Styringsgruppa har ansvaret for å peike ut redaktør på åremål, medan redaktøren har ansvaret for å etablere redaksjon.

Voices: A World Forum for Music Therapy

Tidsskriftet er publisert elektronisk, med Open Access. Redaktører er Brynjulf Stige og Carolyn Kenny (USA), slik det har vore sidan etableringa i 2001.

Voices er eit internasjonalt forum og tidsskrift og er utvikla som eit inkluderande forum for publisering av essay, intervju, rapportar og debattar (eit internasjonalt “Syn og Segn” med fokus på musikk, kultur og helse, for å seie det slik). Ein hovudintensjon med tidsskriftet er å motverke den tendensen til europeisk og nordamerikansk dominans som ein finn innan dei fleste fagområde, også musikkterapi. Tidsskriftet har såleis eit spesielt fokus på å få fram tekstbidrag frå Afrika, Asia og Sør-Amerika, med særleg vekt på å utvikle ei betre forståing av korleis sosiale og kulturelle prosessar verkar inn på musikkterapeutisk teori og praksis.

Den 12. verdskonferansen i musikkterapi i Buenos Aires i juli 2008 stadfesta *Voices* sin leiande posisjon som arena for dialog og debatt i faget. Vi fekk m.a. signal om tidsskriftet sin verdi som brubyggjar på tvers av kulturar og om *Voices* sin verdi som Open Access tidsskrift, ikkje minst i land der det er avgrensa med økonomiske ressursar og tilgang til fagstoff. Det var godt over 100 deltakarar på ein rundebordskonferanse om vidare utvikling av tidsskriftet og mange konstruktive forslag kom inn, m.a. i høve til den nye seksjonen “Resources”.

Før flytting til Bergen var *Voices* finansiert av Høgskulen i Sogn og Fjordane. Ei mellombels ordning med publiseringsstøtte frå Humanistisk fakultet ved UiB har sikra drifta i perioden august 2006 til 2009. Ei sær viktig løyving frå GC Rieber Fondene i 2008 gjer at drifta no er sikra fram til juli 2012. *Voices* fungerer altså som eit Open Access tidsskrift og er inne i ein konstruktiv dialog med BORA/UBB med tanke på vidare utvikling, m.a. av tekniske og økonomiske aspekt.

Publisering og andre formidlingsoppgåver

Artikkelpublisering

I 2008 publiserte fagmiljøet 6 artiklar i internasjonale tidsskrift med fagfelle vurdering og 9 artiklar i andre tidsskrift, sjå Vedlegg 4.

Bokkapittel og bøker

I 2008 publiserte fagmiljøet 8 bokkapittel og 2 bøker, sjå Vedlegg 4. Nemnast kan m.a. at det konkurrerande og samarbeidande fagmiljøet ved Norges musikkhøgskole i 2008 publiserte ein antologi i samband med markeringa av 30-årsjubileet for musikkterapistudiet der. Fagmiljøet ved UiB var representert med fem kapittel i denne boka.

Ved avslutninga av det strategiske paraplyprosjektet “Musikk og helse i det seinmoderne samfunnet”, vart det i 2008 inngått forlagsavtalar for bøker på tre ulike internasjonale forlag. Brynjulf Stige og Cochavit Elefant har saman med dei engelske forskarane Gary Ansdell og Mercédès Pavlicevic teikna kontrakt med Ashgate, UK, for boka *Where Music Helps*. Boka summerer opp prosjektet “An Explorative Study of Community Music Therapy”. Manus er levert inn og boka kjem ut i løpet av 2009. Vidare har Randi Rolvsjord teikna kontrakt med Barcelona Publishers i USA, for ei bok som summerer opp prosjektet “An Explorative Study of Resource-oriented Music Therapy”. Manusfrist er juni 2009. Endeleg har Brynjulf Stige og Leif Edvard Aarø teikna kontrakt med forlaget Routledge, USA, for ei lærebok om samfunnsmusikkterapi. Manusfrist her er november 2009.

Føredrag og kurs

I tillegg til bidrag på internasjonale og nasjonale konferansar, har dei fagtilsette i GAMUT i 2008 gjennomført ca. 40 foredrag og kursopplegg i ulike samanhengar, sjå Vedlegg 4.

Samarbeid om seminararrangering

Nedanfor følger ein oversikt over seminar som forskingssenteret har arrangert eller vore med på å arrangere i 2008. Som tidlegare har det vore mogeleg å leggje seg på ei aktiv linje når det gjeld arrangering av opne fagseminar, utan at dette har medført særleg med økonomiske kostnader, av di desse seminara byggjer på dei nettverka som både undervisnings-, forskings- og formidlingsaktiviteten genererer.

- 1. februar: Fagpedagogisk dag på Griegakademiet, i samarbeid med fagmiljøet i etnomusikologi. Tema: “Music, Culture, and Health”. Forelesarar: Annemette Kirkegaard, Randi Rolvsjord, Tom Solomon og Brynjulf Stige (alle GA).
- 17. april: Fagdag om musikkterapi/musikk og helse, i samarbeid med Unifob helse. Førelasarar Törres Theorell (Stockholm) og forskarar innan musikkterapi og musikk og helse ved UiB og Unifob (innan fag som musikkterapi og psykologi).
- 7. mai: Seminar om videodokumentasjon av sosiomusikalsk praksis, i samarbeid med fagmiljøet i etnomusikologi ved Griegakademiet. Førelasarar: m.a. Paul Berliner og Cochavit Elefant.
- 21. juli: Arbeidsseminar for *Voices*-redaktørar, i samarbeid med musikkterapisenteret ADIM i Buenos Aires.
- 25. juli: Rundebordkonferanse om *Voices*, i samarbeid med den 12. verdskonferansen i musikkterapi, Buenos Aires.
- 1. september: Seminar med den internasjonale musikkterapipioneren Clive Robbins. Arrangør: Musikkterapistudiet ved Griegakademiet. Førelasarar: Clive Robbins (New York) og Tom Næss (Oslo).
- 15. september: Ope seminar om musikkterapiforskning. Arrangør: GAMUT i samarbeid med musikkterapistudiet ved Griegakademiet. Førelasarar m.a. Denise Grocke (Melbourne) og Christian Gold.
- 19. november: Seminaret “Musikkterapi og eldreomsorg”. Arrangør: Høgskolen i Bergen (sjukepleie- og musikkpedagogiskmiljøa) i samarbeid med UiB/Unifob. Førelasarar: m.a. Hanne Mette Ridder (Aalborg), Tone Sæther Kvamme og Trygve Aasgaard (Oslo) og Solgunn Knardal, Audun Myskja og Brynjulf Stige (Bergen). Seminaret samla over 200 deltakarar.
- 20. november: Første samling i “Nettverk musikk og eldre”. Arrangør: GAMUT. Førelasarar: Hanne Mette Ridder (Aalborg), Jorunn Bakke Nydal (Førde), Liv Gunnhild Qvale og Brynjulf Stige (Bergen). Seminaret samla m.a. sjukeheimspersonale, politikarar, forskarar og representantar frå eldreråd og andre organisasjonar.
- 1. desember: Seminaret “Musikkens virkning”. Arrangør: Holbergdagene. Førelasarar: Sentrale fagpersonar innan utøvande musikk og forskarar innan musikkvitenskap og musikkterapi. Av tilreisande forskarar kan m.a. nemnast Lars Ole Bonde (Aalborg) og Hallgerd Aksnes, Erling Gulbrandsen, Jørgen Langedalen og Even Ruud (Oslo).

Erfaringane er at slike opne fagseminar er viktige for utvikling av tverrfaglege dialogar og for musikkterapien si nettverksbygging, slik at det vil vere naturleg å vidareføre denne type aktivitet i 2009. Førebels har aktiviteten på denne fronten vore prega av ad hoc initiativ, og ei meir systematisk utvikling av seminaraktiviteten kan vurderast, særleg dersom det kan bidra til betre forskning og publisering og/eller til betre undervisning i universitetsfaget musikkterapi. Konkret kan det vere aktuelt å arbeide meir systematisk med å utvikle seminar knytt til dei aktuelle forskingsprosjekta og/eller tematiske satsingsområda (sjå Del 4). Dette vert i første omgang prøvd ut i “Nettverket musikk og eldre”, der det er lagt opp til årlege seminar/konferansar i prosjektperioden.

Del 4: Prioriterte satsingar og vidare utvikling

Utvikling av organisasjon og rammer

2008 har vore eit særst viktig år for GAMUT. Sjølv om senteret framleis er i ein sårbar oppstartsfase, må sjansane for å lukkast med å etablere senteret permanent seiast å vere vesentleg styrka samanlikna med situasjonen for eitt år sidan. Senteret har lukkast med å hente inn nye forskingsprosjekt og ny inntening og dei internasjonale samarbeidsrelasjonane er styrka. Ikkje minst er den økonomiske og praktiske situasjonen for begge tidsskrifta langt meir avklara enn tidlegare.

Den viktigaste positive endringa av rammer for GAMUT er UiB sitt vedtak om årlege opptak til musikkterapi. Årsmeldinga frå 2007 var prega av at dette spørsmålet ikkje var avklara og det var då vanskeleg å vite om og korleis det ville vere mogeleg å utvikle GAMUT som forskingssenter. No er situasjonen ein annan. Dette kan illustrerast ved å vise til eit notat programkoordinator for musikkterapistudiet (Randi Rolvsjord) utarbeidde saman med forskingsleiaren i januar 2008, der UiB vart orientert om vår vurdering av at der er tre utviklingsalternativ og mogelege ambisjonsnivå for musikkterapimiljøet i Bergen:

Nivå 1: Status quo; det same nivået som HSF hadde etablert permanent og som UiB har i dag. Fagleg ambisjon ligg då på eit lokalt og regionalt nivå. UiB vil vere det nest beste miljøet i Noreg når det gjeld musikkterapi. Forsking vil i hovudsak omfatte det som det er mogeleg å realisere innan forskingsdelen av UiB-stillingane. Det er neppe grunnlag for vidare drift av GAMUT.

Nivå 2: Årlege opptak til masterstudiet; det same nivået som HSF hadde gjort vedtak om som ei prøveordning og som NMH har etablert permanent. Fagleg ambisjon ligg då på nasjonalt og nordisk nivå. Det kan for UiB vere realistisk å etablere ein tverrfakultær bachelor i musikk/musikkterapi (utan å tilføre nye stillingar i faget [men altså under føresetnad av at årlege opptak på master er etablert]). Det kan også vere realistisk å ha ambisjon om å vere det fremste miljøet i Noreg. Vidare drift av GAMUT er mogeleg. Forskingssenteret kan utviklast i samspel med dei faste UiB-stillingane.

Nivå 3: Full utbygging på tre nivå: tverrfakultært bachelorprogram, årlege opptak master i musikkterapi pluss ein internasjonal forskarskule i musikkterapi (i samarbeid med andre fagmiljø). Dette er same nivå som t.d. Aalborg Universitet og Temple University (USA) har etablert. Fagleg ambisjon ligg då på eit internasjonalt nivå og det kan for UiB vere realistisk å ha ambisjon om å vere eit av dei fremste miljøa i Europa. Ei styrking og utvikling av GAMUT vil vere mogeleg, m.a. med ei sterkare satsing på internasjonale forskingsnettverk.

Etter UiBs vedtak om årlege opptak til musikkterapi, vil fokus dei næraste åra vere å løfte miljøet opp til eit nasjonalt og nordisk nivå, altså nivå 2, der ein kan få full utteljing for synergien mellom musikkterapimiljøet ved Griegakademiet og aktiviteten i GAMUT. Relevansen av denne utfordringa er auka ved at konkurransen innan nordisk musikkterapi-forskning er skjerpa dei siste par åra, ved at både University of Jyväskylä, Norges musikkhøgskole og Universitetet i Gøteborg byggjer opp nye forskingssenter innan feltet. Dette inneber ein meir krevjande konkurransesituasjon for musikkterapimiljøet ved UiB og Unifob helse og kan beskrivast som ei positiv utfordring, då det avspeglar at fagfeltet konsoliderer og styrkar seg forskingsmessig i dei nordiske landa.

Dei resultata som er oppnådd så langt indikerer at der er gode vilkår for utvikling av eit internasjonalt orientert forskingssenter i musikkterapi i Bergen. På noko lengre sikt bør difor nivå 3 vere målsetjinga. Både realisering av nivå 2 og 3 føreset ei vidare profesjonalisering av arbeidet med organisasjon og økonomi ved GAMUT. Liv Gunnhild Qvale vart engasjert i ei

førstekonsulentstilling i 2008 og har byrja arbeidet med kvalitetssikring av rutinar i høve til dette. Ho vil vere i permisjon i 2009, men arbeidet med dette må halde fram.

Tematiske satsingsområde

Kva som skal vere dei prioriterte satsingsområde for GAMUT er avhengig av a) behovet for forskning innan universitetsfaget musikkterapi, b) kompetanse og forskingsinteresse i faggruppa og aktuelle nettverk, og c) samfunnsbehov og tilgjengeleg finansiering. Følgjande “program” eller tematiske satsingsområde er i ferd med å utkrystallisere seg:

Musikkterapi og psykisk helsearbeid

Christian Gold er her forskingsleiar for ulike prosjekt med kvantitativ orientering, med ulike metaanalysar (m.a. for den viktige Cochrane-databasen) og med to ulike randomiserte, kontrollerte studiar, ein innan psykiatrifeltet og ein innan kriminalomsorga. Gold har etablert eit nasjonalt og internasjonalt samarbeid rundt desse prosjekta og har m.a. knytt til seg ein postdoktor, ein forskar III og ein forskingsassistent i dette arbeidet.

Randi Rolvsjord førebur postdoktorprosjekt som vidareføring av doktorgradsprosjektet sitt om ressursorientert musikkterapi innan psykiske helsearbeid og det er ei målsetjing at ein får knytt nye stipendiatar til kvalitativ utforskning av dette fagområdet.

Musikkterapi i eldreomsorg

Brynjulf Stige er prosjektleiar for det nye prosjektet “Nettverket musikk og eldre”. Prosjektet involverer forskarar frå ei lang rekkje institusjonar i Danmark og Noreg og har den doble målsetjinga om å stimulere til ny og betre praksis og ny og betre forskning på feltet. Musikkterapi i eldreomsorga har lenge vore sett på som eit lovande, men noko fragmentert felt. Det nye nettverket tar mål av seg å initiere og samordne aktivitet i dei næraste åra. Førebels er Audun Myskja knytt til feltet som stipendiat. Ein tar sikte på å knyte nye stipendiatar til feltet i åra framover.

Musikkterapi i medisinsk rehabilitering

I samarbeid med fagpersonar ved Haukeland universitetssykehus byggjer Cochavit Elefant opp pilotprosjekt i høve til musikkterapi som medisinsk rehabilitering, t.d. i høve til Parkinson- og afasipasientar. Elefant førebur eit postdoktorprosjekt innan feltet. Så langt har vi ikkje hatt ekstern finansiering av aktivitet innan dette tematiske området, men det vert arbeidd med å realisere dette. Fleire masterstudentar har vore knytt til feltet dei siste to åra og det vert arbeidd med å få inn ein eller to doktorgradskandidatar.

Samfunnsmusikkterapi

Brynjulf Stige er ansvarleg for oppbygginga av samfunnsmusikkterapeutisk forskning ved GAMUT. Denne forskinga har fokus på vilkår for samfunnsdeltaking og ser på musikk som ein helseressurs i ulike kvardagssamanhengar. Viggo Krügers PhD-prosjekt innan barnevernsfeltet er knytt til dette og det vert arbeidd med å få inn fleire doktorgradskandidatar. Feltet går på tvers av målgrupper og sektorar, slik at det t.d. kan vere aktuelt å utvikle samfunnsmusikkterapeutiske prosjekt i høve til alle dei tre felte skissert over.

Aktuelle utviklingsområde

Forskning på musikkterapeutisk praksis innan skule og barnehage vil vere særskilt viktig å stimulere, dersom ein ser på behovet for forskning innan universitetsfaget musikkterapi. “Pedagogisk musikkterapi” er eit eige emne på bachelornivå, slik at der er behov for å utvikle eit betre grunnlag for forskingsbasert undervisning. Ei fersk undersøking viser dessutan at om lag halvparten av dei norske musikkterapeutane arbeider innan pedagogiske arbeidsfelt. Problemet for UiB og Unifob har så langt vore at der har mangla forskingskapasitet innan feltet.

GAMUT har difor lagt seg på ein langsiktig strategi her. Vi har m.a. inngått ein intensjonsavtale med Pedagogisk fagsenter, Fana, der ein tar sikte på å generere forskingsaktivitet over tid, m.a. ved mobilisering av masterstudentar og doktorgradskandidatar. Tilsvarande dialog er under etablering med Bergen kulturskole og Fjell kulturskule. På dette feltet bør ein også kunne vurdere om det er grunnlag for å byggje opp forskingssamarbeid med pedagogiske og musikkpedagogiske fagmiljø, både ved Universitetet i Bergen og Høgskolen i Bergen.

Vidare kan det over tid vere grunn til å vurdere om forskning ved GAMUT på ulike måtar kan knytast til kunstnarisk utviklingsarbeid ved Griegakademiet. Til dømes kan det i "Nettverket musikk og eldre" vere aktuelt å samarbeide om forskning og utviklingsarbeid i høve til institusjonsorientert framføringspraksis.

Prioriterte utviklingsområde

GAMUT vil vidareføre arbeidet med å utvikle eksternt finansiert forskning og formidling av høg kvalitet, der det vil vere ei hovudmålsetjing at forskingssenteret dei næraste åra vil vere med og bidra til at det som er skissert som nivå 2 over vert realisert, nemleg at musikkterapi miljøet ved UiB og Unifob byggjer seg opp til eit nasjonalt og nordisk nivå.

GAMUT sin evne til å bidra i ein slik prosess, vil m.a. vere avhengig av at ein lukkast med følgjande delmålsetjingar:

- Konsolidering av økonomi, organisasjon og rammer
- Vidare oppbygging av samarbeidsrelasjonar og av høg kompetanse innan både kvantitativ og kvalitativ metode
- Styrking av dei etablerte tematiske områda *Musikkterapi og psykisk helsearbeid* og *Samfunnsmusikkterapi*
- Utvikling av dei ferske tematiske områda *Musikkterapi i eldreomsorg* og *Musikkterapi i medisinsk rehabilitering*
- Gradvis oppbygging av forskning på det førebels uetablerte temaområdet *Musikkterapi i pedagogiske kontekstar*.

Ein heilt sentral føresetnad for å nå desse måla vil vere at ein vidareutviklar det tette samarbeidet mellom UiB og Unifob, m.a. ved at masterstudentar, doktorgradskandidatar og postdoktorstillingar vert knytt til GAMUT-prosjekt. Gjennom denne type samarbeid og mobilisering av faglege nettverk, kan det byggjast livskraftig forskingsaktivitet innan kvart av dei aktuelle tematiske områda.

Del 5: Vedlegg

Vedlegg 1 – Rekneskap GAMUT 2008

Inntekter

Prosjektsaldo overført frå 2007	(39 400)
Sal av tidsskrift	123 500
Sal av tenester - Griegakademiet, UiB	234 200
Sal av tenester - Universitetet i Jyväskylä	210 800
Norges forskningsråd	1 271 200
GC Rieber Fondene	93 000
Helsedirektoratet	439 500
NOP-HS (tidsskriftstøtte)	119 200
HF, UiB (publiseringsstøtte)	160 100
Andre gåver	16 600
Prosjektsaldo overført til 2009	37 400

Sum inntekter	2 666 100
----------------------	------------------

Kostnader

Løn	
Løn og sosiale utgifter	2 405 600
Sum løn	2 405 600
Driftskostnader	
Trykking og kopiering	25 600
Telefon, porto, frakt	34 400
Kjøp av konsulenttenester	6 900
Litteratur	9 000
Mindre utstyr	49 200
Stimuleringstilskot	49 500
Kurs, seminar og konferanseutgifter	2 200
Reiseutgifter	59 800
Diverse driftsutgifter	23 900
Sum driftskostnader	260 500

Sum kostnader	2 666 100
----------------------	------------------

Resultat	0
-----------------	----------

Kommentar til rekneskapen

GAMUT ventar innbetaling av ein kontraktfesta signeringsbonus frå Routledge (EUR 7 000,-). Dette skulle egentleg vore på plass i 2008. Når denne signeringsbonusen blir innbetalt våren 2009, vil GAMUT få dekkja inn (meir enn) det som i dag står som overført prosjektsaldo frå 2008.

Vedlegg 2 – Personale i 2008

- Cochavit Elefant, førsteamanuensis, UiB
 - Forskar i prosjektet “An Explorative Study of Community Music Therapy” og i pilotprosjekt innan feltet medisinsk rehabilitering
 - Assisterande redaktør *Nordic Journal of Music Therapy*
- Christian Gold, forskar I, Unifob helse
 - Prosjektleder / forskar i prosjekta “Effects of Music Therapy for Prison Inmates: Pilot Study”, “Meta-analysis of the Effect of Music Psychotherapy”, “Randomised Controlled Study of Resource-oriented Music Therapy” og “Resource-oriented Music Therapy for Psychiatric Patients with Low Therapy Motivation: Randomised Controlled Trial”
 - Redaktør *Nordic Journal of Music Therapy*
- Tor Olav Heldal, forskar III, Unifob helse
 - Forskingsassistent i prosjekta “Randomised Controlled Study of Resource-oriented Music Therapy” og “Resource-oriented Music Therapy for Psychiatric Patients with Low Therapy Motivation: Randomised Controlled Trial”
- Viggo Krüger, musikkterapeut/doktorgradskandidat UiB
 - Forskar/stipendiat i prosjektet “Musikkterapi som behandlingsmetode i en barnevernsinstitusjon”
- Karin Mössler, Postdoktor UiB (ny)
 - Forskar i prosjektet “Resource-oriented Music Therapy for Psychiatric Patients with Low Therapy Motivation: Randomised Controlled Trial”
- Audun Myskja, lege/doktorgradskandidat UiB
 - Forskar/stipendiat i prosjektet “En systematisk evaluering av metoden Integrert musikk ved sykehjem”
- Liv Gunnhild Qvale, Førstekonsulent, Unifob helse (ny)
 - Forskingsassistent / prosjektadministrator i prosjekta “Effects of Music Therapy for Prison Inmates: Pilot Study”, “Nettverket musikk og eldre” og “Resource-oriented Music Therapy for Psychiatric Patients with Low Therapy Motivation: Randomised Controlled Trial”
- Randi Rolvsjord, førsteamanuensis, UiB
 - Forskar i prosjekta “An Explorative Study of Resource-oriented Music Therapy”, “Randomised Controlled Study of Resource-oriented Music Therapy” og “Resource-oriented Music Therapy for Psychiatric Patients with Low Therapy Motivation: Randomised Controlled Trial”
- Rune Rolvsjord, Førstekonsulent, Unifob helse
 - Redaksjonssekretær for tidsskrifta *Nordic Journal of Music Therapy* og *Voices: A World Forum for Music Therapy*
- Hans Petter Solli, universitetslektor, UiB (fram til 31.07.08)
 - Forskingsassistent i prosjektet “Meta-analysis of the Effect of Music Psychotherapy”
- Brynjulf Stige, professor, UiB
 - Forskingsleder GAMUT
 - Prosjektleder / forskar i prosjekta “An Explorative Study of Community Music Therapy” og “Nettverket musikk og eldre”
 - Medredaktør *Voices: A World Forum for Music Therapy*
- Leif Edvard Aarø, seniorforskar I, Unifob helse
 - Seniorforskar/rettleiar for GAMUT/forskar i prosjekta “Randomised Controlled Study of Resource-oriented Music Therapy” og “Resource-oriented Music Therapy for Psychiatric Patients with Low Therapy Motivation: Randomised Controlled Trial”.

Vedlegg 3 – Nokre nyhende 2008 (døme frå vevsida www.gamut.no)

01.02.08: Musikkterapi kan være en effektiv behandling av depresjon

En ny Cochrane-review som ser på effekten av musikkterapi i behandling av depresjoner er publisert. Medforfatter er forsker ved GAMUT, Christian Gold.

20.04.08: Client Voices and Power

Randi Rolvsjord er invitert til å holde keynote ved den canadiske musikkterapikonferansen. Tema for foredraget er hennes ressursorienterte tilnærming til musikkterapi ... Konferansen finner sted 1-3 mai.

23.05.08 Forskingsleiar ved GAMUT Brynjulf Stige er tilsett som professor II ved Avdeling for Helsefag, Høgskulen i Sogn og Fjordane

“Eg er opptatt av dei humanistiske sidene ved helsefaga. Eit av dei felte der dette er særleg relevant, er eldreomsorga, og noko av det eg kunne hatt lyst til å arbeide med er utvikling av faglege nettverk med fokus på forskning og formidling i høve til dette,” seier Stige.

23.05.08: NJMT indeksert i the Social Sciences Citation Index® (SSCI®)

Nordic Journal of Music Therapy vil ved å være indeksert i SSCI® bli godt synlig også for forskere utenfor musikkterapifeltet. Videre betyr det at Thompson Reuters snart vil kalkulere en offisiell impact factor for NJMT offentliggjort i deres Journal Citation Reports.

05.06.08: Culture-Centered Music Therapy er oversatt til japansk

Boken skrevet av Brynjulf Stige, opprinnelig utgitt på et amerikansk forlag, er den første internasjonale boken som gir en teoretisk forankring til samfunnsmusikkterapi.

18.06.08: Karin Mössler er tildelt stilling som postdoktor ved GAMUT

Karin Mössler er i fakultetsstyremøte ved det Humanistiske fakultet, Universitetet i Bergen, tildelt stilling som postdoktor i musikkterapi. Mössler er dermed den første postdoktoren i musikkterapi knyttet til UiB og GAMUT.

13.10.08: Nettverket musikk og eldre

Gjennom ei tildeling frå GC Rieber Fondene, har GAMUT/Unifob helse no fått høve til å starta oppbygginga av eit nordisk nettverk for forskning og kunnskapsutvikling om musikk, musikkterapi og eldre. Hovudmålsetjinga med dette nettverket er å samla eit fragmentert fagfelt og å byggja opp ei praksisnær forskning som aukar kompetansen og utviklar musikkterapitilbodet i eldreomsorga.

27.10.08: Forskarkurs i kvalitativ metode

Forskingsmiljøet i musikkterapi ved UiB/GAMUT samarbeider med Forskerskolen i klinisk psykologi og utviklingspsykologi ved UiB om å arrangere PhD-kurset: “Kvalitativ metode i klinisk psykologi, utviklingspsykologi og musikkterapi: refleksivitet, kvalitet, brukerinvolvering og praksisrelevans”.

18.12.08: Randi Rolvsjord gjesteforeleser i Sapporo, Japan

Den 7. desember underviste Randi Rolvsjord på et etterutdanningskurs ved Health Sciences University of Hokkaido, i Sapporo, Japan. Foredraget var basert på hennes forskning knyttet til prosjektet “An Explorative Study of Resource-oriented Music Therapy”.

18.12.08: Dokumentarfilm om musikkterapitiltaket “Kom nærmere”

Filmen heter: “Kom nærmere, om ungdommene, revyarbeidet og premieren” og ... sendes på NRK 1 (TV) mandag 22.desember kl. 19.30. En av lederne i prosjektet er musikkterapeut og stipendiat ved GAMUT, Viggo Krüger.

Vedlegg 4 – Liste over publikasjoner og faglege presentasjoner

Artiklar i internasjonale tidsskrift med refereordning

- Erkkilä, J., Gold, C., Fachner, J., Ala-Ruona, E., Punkanen, M., & Vanhala, M. (2008). The effect of improvisational music therapy in the treatment of depression: Protocol for a randomised controlled trial. *BMC Psychiatry*, 8(50).
- Kim, J., Wigram, T., & Gold, C. (2008). The effects of improvisational music therapy on joint attention behaviors in autistic children: A randomized controlled study. *Journal of Autism and Developmental Disorders*, 38(9), pp.1758-1766.
- Maratos, A., Gold, C., Wang, X., & Crawford, M. (2008). Music therapy for depression. *Cochrane Database of Systematic Reviews* (1), CD004517.
- Myskja, A. (2008). The Day the Music Died. *Nordic Journal of Music Therapy*, 17(1), pp.30-40.
- Solli, H.P. (2008). "Shut up and play!" Improvisational use of popular music for a man with schizophrenia. *Nordic Journal of Music Therapy*, 17(1), pp.67-77.
- Stige, B. (2008). Dancing the Drama and Singing for Life: On Ethnomusicology and Music Therapy. *Nordic Journal of Music Therapy*, 16(1), pp.155-171.

Artiklar i andre fagtidsskrift

- Heldal, T. O. (2008, in press): Applied Music Therapy Theory. Reflections on the Theory - Practice Relationship. *Zaporizhzhia University Journal*. UKR: University of Zaporizhzhia.
- Heldal, T. O. (2008). Avspenningsteknikk i reseptiv musikkterapi og empatisk improvisasjon. *Musikkterapi*, 4-2008, pp.28-29.
- Heldal, T. O. (2008). Musikkterapiforum 30. september 2008 - på Søreide, Sandane kl 1100-1500. *Musikkterapi*, 4-2008, p.30.
- Myskja, A. (2008). Musikk som terapi i demensomsorg og alderspsykiatri. Omsorg: Nordisk Tidsskrift for Palliativ Medisin 1: pp.35-43.
- Myskja, A. & Thorgaard, P. (2008). Medicoteknik og patientnært lyd miljø. *Ambulancenyt*.
- Mössler, K. (2008). Update on Music Therapy in Austria: Celebrating an officially recognised profession. *Voices: A World Forum for Music Therapy*. Retrieved December 16th, 2008, from http://www.voices.no/country/monthaustria_october2008.php
- Solli, H. P. & Rolvsjord, R. (2008). Musikkterapi som behandlingstilbud for pasienter med psykose. *Musikkterapi* nr. 3, pp.8-16.
- Stige, B. (2008). The Aesthetic or Multiple Aesthetics? A Response to Kenneth Aigen. *Nordic Journal of Music Therapy*, 16(1), pp.25-29.
- Stige, B. (2008). Mannen som visste å svare på hundreogfemtitusenkronersspørsmålet. Om Even Ruud som fagstrateg og fagperson. *Musikkterapi*, 1-2008, pp.24-29.

Bokkapittel

- Krüger, V. (2008). Musikkterapi som læring i et praksisfelleskap – en fortelling om et rockeband. I: Ruud, E. & Trondalen, G. (red.), *Perspektiver på musikk og helse – 30 år med norsk musikkterapi, skriftserie for musikk og helse*. Oslo: Norges musikkhøgskole.
- Myskja, A. (2008a). Musikk: et verktøy for helsearbeidere? I: Bjørgan, H. (red). *Kultur og helse*. Oslo: Andrimne Forlag.
- Myskja, A. (2008b). Musikk: kosttilskudd for kropp og sinn? I: Bjørgan, H. (red). *Kultur og helse*. Oslo: Andrimne Forlag.

- Myskja, A. (2008c). Kan musikk øke velvære? Erfaringer fra eldreomsorgen. I: Bjørgan, H. (red). *Kultur og helse*. Oslo: Andrimne Forlag.
- Myskja, A. (2008d). Sang gjør godt- men kan det bevises? I: Bjørgan, H. (red). *Kultur og helse*. Oslo: Andrimne Forlag.
- Rolvsvjord, R. (2008). En ressursorientert musikkterapi. I: Trondalen, G. & Ruud, E. (red). *Perspektiver på musikk og helse, antologi*. Oslo: Norges Musikkhøgskole.
- Stige, B. (2008a). Musikkterapiforskning – mellom praksis og academia. I: Trondalen, G. & Ruud, E. (red). *Perspektiver på musikk og helse*. Oslo: Norges musikkhøgskole.
- Stige, B. (2008b). Samfunnsmusikkterapi – mellom kvardag og klinikk. I: Trondalen, G. & Ruud, E. (red). *Perspektiver på musikk og helse*. Oslo: Norges musikkhøgskole.

Bøker

- Myskja, A. (2008). *På vei mot en integrert medisin*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Mössler, K. (2008). *Wiener Beiträge zur Musiktherapie: Wiener Schule der Musiktherapie. Von den Pionieren zur Dritten Generation (1957 bis heute) (Vol. 8)*. Vienna: Edition Präsenz.

Avhandling

- Mössler, K. (2008). *Wiener Schule der Musiktherapie. Auf den Spuren einer Identität*. Unpublished doctoral dissertation, Hochschule für Musik und Theater Hamburg, Germany.

Kronikkar, leiarartiklar, føreord m.m.

- Gold, C. (2008). Mainstream Science and NJMT (Editorial). *Nordic Journal of Music Therapy*, 17(2), p.88.
- Gold, C. (2008). The theory and the evidence (Editorial). *Nordic Journal of Music Therapy*, 17(1), p.2.
- Heldal, T. O. (2008). (red.) *Musikkterapi*, nr 1, s. 6.
- Heldal, T. O. & Claughton, A. (red). (2008). *Musikkterapi*, nr 4, s. 6.
- Kenny, C. & Stige, B. (2008). The Greatest Distance between People is not Space but Culture. *Voices: A World Forum for Music Therapy*. Retrieved March 3rd, 2008, from <http://www.voices.no/mainissues/mi40008000265.php>
- Myskja, A. (2008). Forord i Ben-David, G. *Syng dig fri*. København: UG Forlag.
- Myskja, A. (2008). Johan Bjerkvik til minne. *Tidsskrift for Den norske legeförening*, 128/1430.
- Myskja, A. (2008). Omsorg i stedet for papirvelde. Kronikk, Aftenposten 11.02.2008.
- Stige, B. (2008). Voices of the Future. *Voices: A World Forum for Music Therapy*. Retrieved December 18th, 2008, from <http://www.voices.no/mainissues/mi40008000276.php>
- Stige, B. (2008). Forord til japansk omsetjing av *Culture-Centered Music Therapy*

Bokmeldingar

- Myskja, A. (2008). Bokanmeldelse. Strøm-Olsen, T. (2008). *Trekkfuglene – Et liv i musikk, kunst og kreft*. Oslo: Koloritt Forlag. *Tidsskrift for Den norske legeförening*: 128/1564.

Foredrag på internasjonale konferansar

- Elefant, C. (2008, april). Community Music Therapy: Intergroup relations. Single Case Design in Music Therapy Research Music Therapy in Children with Special Needs Erasmus Exchange Program Music Therapy Department. Aalborg University, Aalborg, Denmark.
- Elefant, C. (2008, april). Single Case Design in Music Therapy Research. Erasmus Exchange Program Music Therapy Department. Aalborg University, Aalborg, Denmark.
- Elefant, C. (2008, april). Music Therapy in Children with Special Needs Erasmus Exchange Program Music Therapy Department. Aalborg University, Aalborg, Denmark.
- Elefant, C. (2008, august). Training in Thanks To Scandinavia Psychodynamic Medical Music Therapy Beth Israel hospital, N.Y. USA.
- Elefant, C. (2008, august). Music therapy and Communication in individuals with Rett syndrome. Paper presented in Beth Israel hospital, N.Y. USA.
- Elefant, C. (2008, oktober). Unveiling Hidden Resources – Communication and Learning in Individuals with Rett Syndrome through Music Therapy. Paper Presented 6th World Rett Syndrome Congress Paris, France.
- Elefant, C. (2008, november). Music Therapy in Individuals with Rett syndrome Keynote presented in Irish National Rett Syndrome Conference Limerick, Ireland.
- Elefant, C. (2008, november). Music Therapy in Children with Special Needs. Lecture presented in the Music Therapy Department, Limerick, Ireland.
- Gold, C. (2008, juni). Music therapy for people with serious mental disorders: Findings from meta-analysis and implications for practice. Paper presented at the Conference on music therapy and research with psychiatric patients, Conservatorium of Music of Verona "Felice Dall'Abaco" and Department of Psychiatry of Legnago, Verona, Italy.
- Gold, C., Solli, H. P., Krüger, V., & Lie, S. A. (2008, 3.-7. oktober). Using mixed-effects meta-analysis to examine the impact of study design, patient characteristics, and treatment intensity in a systematic review of music therapy for serious mental disorders. Paper presented at the 16th Cochrane Colloquium: Evidence in the era of globalisation, Freiburg, Germany.
- Myskja, A. (2008, mai). Integrated music – an approach to improved health and wellbeing in nursing homes, (foredrag). European Alzheimer Society. Oslo.
- Myskja, A. (2008, juli). The day the music died. (poster) Integrated music – an approach to improved health and wellbeing in nursing homes, (foredrag). World Congress of music therapy. Buenos Aires.
- Myskja, A. (2008, september). Quantum Science Congress. København. Music as therapy. (Plenumsforedrag).
- Myskja, A. (2008, oktober). European Parkinsons Society, Zagreb. Music as supplementary treatment in Parkinson`s disease (Plenumsforedrag og workshop)
- Myskja, A. (2008, november). The day the music died. (poster) Integrated music – an approach to improved health and wellbeing in nursing homes (poster). Mozart & Science. Wien.
- Mössler, K. (2008, oktober). *Music Therapy Practise and Research in Acute Psychiatric Reality. "Resource-oriented music therapy for patients with low therapy motivation. A randomised controlled trial."* Paper presented at the 23rd Danube Symposium of Psychiatry, Mostar, Bosnia and Herzegovina.
- Rolvsvjord, R. (2008, mai). Clients' Voices and Power: A Resource-oriented Approach to Music Therapy, Challenges for Practice and Research. Keynote Paper. 34th Conference, Canadian Association for Music Therapy. Quebec.
- Stige, B. (2008, mars). Qualitative Perspectives and Evidence-based Music Therapy Practice. Invitert foredrag på 2008 Conference of the Mid-Atlantic Region Chapter of the American Music Therapy Association, Cherry Hills, New Jersey.
- Stige, B. (2008, mars). Implications of Various Perspectives on Evidence for Music Therapy Assessment, Treatment, and Outcomes. Invitert foredrag på 2008 conference of the

Mid-Atlantic Region Chapter of the American Music Therapy Association, Cherry Hills, New Jersey.

Stige, B. (2008, juli). Where Music Helps. Community Music Therapy in Action and Reflection. Plenumsforedrag: Den 12. verdenskonferansen i musikkterapi, Buenos Aires, Argentina.

Konferansebidrag nasjonale konferansar

- Myskja, A. (2008, januar). Rehabilitering. Nasjonal konferanse i Trondheim. Musikk i rehabilitering. Plenumsforedrag.
- Myskja, A. (2008, april). Eldreomsorg i et nytt årtusen. Nord-Norge konferansen, Nesna (Høgskolen). Musikk i eldreomsorgen. Plenumsforedrag.
- Myskja, A. (2008, juni). Fagforbundet. Konferanse i Tromsø. Musikk som terapeutisk verktøy. Plenumsforedrag.
- Myskja, A. (2008, september). Musikk for eldre. Plenumsforedrag "Livsglede for eldre". Eldrekonferansen i regi av NSH.
- Myskja, A. (2008, september). Musikk og psykisk helse. Plenumsforedrag "Hvis vi kunne starte nytt", kongress for psykisk helse, Hamar.
- Myskja, A. (2008, oktober). Musikk i rehabilitering. Plenumsforedrag. Rehabiliteringskonferansen i regi av helse Sunnmøre i Ålesund.
- Myskja, A. (2008, oktober). Sklerodermiforbundet, kongress. Sang og musikk som supplerende behandling. Plenumsforedrag.
- Stige, B. (2008, april). Musikkterapeutisk forskning. Den nasjonale konferansen "Kunst, kultur og psykisk helse – på sporet av et helt liv?", Stavanger.

Andre faglege presentasjonar

I tillegg til presentasjonar på internasjonale og nasjonale konferansar, har dei fagtilsette i GAMUT gjennomført ca. 40 foredrag, workshops, undervisnings- og kursopplegg i ulike sammenhengar. Dette omfattar m.a. faglege presentasjonar på:

- norske og utanlandske høgskular og universitet, t.d.
 - Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Høgskolen i Hedmark, Diakonhjemmet Høgskolen Rogaland, Høgskolen i Østfold, Høgskolen i Bergen
 - Temple University (Philadelphia), Drexel University (Philadelphia), Immaculata University (Pennsylvania), Aalborg Universitet, Health Sciences University of Hokkaido (Sapporo, Japan), University of Music and Performing Arts (Vienna), Nordoff-Robbins Music Therapy Center (London).
- norske kommunar og fylkeskommunar, i hovudsak på Vestlandet og Austlandet.
- ulike organisasjonar og foreiningar, t.d. Musikkterapiforum for Sogn og Fjordane, Hedmark Parkinsonforbund, Forum for sykehjemsmedisin, Danubian Psychiatric Association (DPA).
- ulike sjukehus og sjukeheimar, t.d. Nordfjord Psykiatrisenter, Bergen Røde Kors Sykehjem, Stavern Kysthospital, Diakonhjemmet.

Medieoppslag

27. februar 2008. Trønderbladet. "Musikk som medisin", Audun Myskja uttalar seg om musikkterapi.

03. mars 2008. Aftenposten. "Musikk er medisin i eldreomsorg", Audun Myskja om musikkterapi og eldreomsorg.

12. mars 2008. P4. "Fanger kureres med musikk", Christian Gold uttalar seg om forskningsprosjekt ved Bjørgvin.
10. april 2008. Bergens Tidende. "Danser frem gode minner", Audun Myskja uttalar seg om musikkterapi, demens og eldre.
16. april 2008. "Musikk gir bedre helse", intervju med Brynjulf Stige, Avisenes nyhetsbyrå: <http://www.siste.no/Innenriks/helse/article3477526.ece>
20. april 2008. Helgelands Blad. "Med musikk som medisin", Audun Myskja uttalar seg om musikkterapi.
26. april 2008. Ta en trall. Om Myskjias arbeid med musikk mot demens. Leder i *Helgelands Blad*,
12. juni 2008: Oppslag i *På Høyden*: "Tre millioner til musikkterapi", om GC Rieber Fondenes gåve til musikkterapiforskning.
13. juni 2008: Innslag radio (Hordaland/riks), om GC Rieber Fondenes gåve på kr. 3.000.000,-
03. september 2008. Telen. "Helsebringende toner", artikkel om musikkterapi og Audun Myskja.
04. september 2008: Oppslag i *På Høyden*: "Musikken var nøkkelen", om Clive Robbins si vitjing ved Griegakademiet.
03. september 2008. Telemarksavisa. "Musikk letter klinisk arbeid", Audun Myskja uttalar seg om musikkterapi.
13. september 2008. Drammens Tidende. "Musikk mot demens", Audun Myskja uttalar seg om musikkterapi.
28. september 2008. Bergen Tidende. "Halvparten av dem som har begått en vinnings-forbrytelse, begår en ny forbrytelse etter soning ... om soningstilbudet for innsette i Bergen, nemner musikkterapi.
13. oktober 2008. Tønsberg blad. "Velg riktig musikk til treningen", Audun Myskja uttalar seg om musikk og trening.
14. oktober 2008. Aftenposten. "99 av 100 er sjarlataner?", artikkel av Audun Myskja.
16. oktober 2008. Drammens Tidende. "Musikk mot demens", Audun Myskja uttalar seg om musikkterapi og eldreomsorg.
22. oktober. Stavanger Aftenblad. "Kultur gir bedre helse for eldre", Audun Myskja uttalar seg om musikkterapi og eldreomsorg.
08. november 2008. Aftenposten. "Lever bedre med sykdommen", intervju med Audun Myskja.
10. november 2008. Bergen Tidende. "Fleire nysgjerrigperer i Helse-Norge", artikkel om musikkterapi på Nordfjord psykiatrisenter.
- Desember 2008, Alerix Magazine. Intervju med Viggo Krüger i forbindelse med musikk-terapi-prosjekt "Kom nærmere".
4. desember 2008. Levanger-Avisa. "Snakker om livsglede", Audun Myskja om musikkterapi og eldreomsorg.
16. desember 2008. Bergensavisen. Intervju med Viggo Krüger i forbindelse med musikkterapi-prosjekt "Kom nærmere".
16. desember 2008. Radio Maria, Vienna. *Musik – Sprache der Seele*. Mössler, K. og Seidl, M.
19. desember 2008. Bergens Tidende. Innslag med Viggo Krüger i forbindelse med anmeldelse av revy "Nærmere Bålet".
22. desember 2008. NRK distriktsradio. Intervju med Viggo Krüger i forbindelse med dokumentarfilm om "Kom nærmere".
22. desember 2008. NRK 1. Innslag med Viggo Krüger i dokumentarfilmen "Kom nærmere". Om ungdomane, revyarbeidet og premieren.